

Fullsett kyrkje støttar soknepresten

17.05.2016



Uvanleg mange møtte på 17.mai-gudstenesta i år.

**Den tradisjonelle 17. mai-gudstenesta samla i år 260 frammøtte. Dette er truleg rekord. Grunnen er truleg den uro som har vore knytta til synet på kvinneleg prest med bakgrunn i tolkninga av det Paulus skreiv til Timoteus.**



**Meir enn fullsett kyrkje under gudstenesta.**

Under gudstenesta i dag fortalte sokneprest Lina Håland at ho er tilbake i arbeid. « Eg har vore sjukemeld ein periode på grunn av at eg møtte den berømte veggen i arbeidet. No er eg attende i 30 % arbeid og skal jobba meg sakte, men sikkert tilbake i full stilling»

Soknerådet i Uskedalen har vore involvert i saka med fleire møte og brev til styret i Uskedal Indremisjon. Så langt [uskedalen.no](http://uskedalen.no) kjenner til, så ynskjer ikkje Indremisjonen eit formelt samarbeid med Soknerådet. Dette har direkte samanheng med deira bibelsyn om kvinnelege prestar sin fridom til å forkynna på bedehuset.

Soknepresten, Lina Håland, kom inn på dei mange rykte i saka og uttrykte seg slik: «Når det gjeld alle rykta som går, så kjenner eg ikkje til noko av alt det som skal ha hendt meg»

Talen hennar var eit hurra for Grunnlovsdagen. Ho slo fast at det er stort å kunna høgtida dagen. Ho meinte det var viktig å starta dagen med gudsteneste. «Det er ein dag vi feirar ved å minna kvarandre om den dyrekjøpte fridomen vi har i vårt land. Eg meiner fridom til å høyra saman, fridom til å tenkja, fridom til å ha ulike meininger, ulik tru og ulik bakgrunn. Vi høyrer alle til feiringa av Grunnlovsdagen», sa soknepresten.

Soknepresten var med på resten av programmet i Uskedalen. Ho fekk ros og blom for ei god teneste i kyrkja i Uskedalen så langt.



Mange sette pris på å møte Lina i dag. To av dei som tok kontakt var fjaråskonfirmantane Ann Helen Rød(t.v.) og Hanne Tungesvik Hauge

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Bringedal/Tor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland